



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
18/1422	21.11.2018	8450/2019	Kristoffer Dahle, 71 28 03 29	29.01.2019

Ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken - Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Viser til brev av 21.11.18 der Klima- og miljødepartementet informerer om at det skal utarbeidast ei stortingsmelding om kulturminnepolitikken, med frist for innspel innan 1.2.2019. Meldinga skal etter planen leggest fram for Stortinget våren 2020.

Bakgrunn for kulturminnemeldinga

Regjeringa ønskjer å bruke meldingsarbeidet til å skape større merksemd og debatt om kulturminnepolitikken. Kulturminnepolitikken er ein integrert del av ein moderne klima- og miljøpolitikk, og har verknader for heile samfunnet. Meldinga skal kaste lys over korleis kulturminner, kulturmiljø og landskap er viktige ressursar for samfunnet i dag og korleis dei kan bidra framover, både i eit miljømessig, kulturelt, sosialt og økonomisk perspektiv.

Meldinga skal byggje vidare på rammene som blei lagt for gjeldande kulturminnepolitikk i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*. I dag står samfunnet i tillegg overfor ein del nye utfordringar som også verkar inn på kulturminner, kulturmiljø og landskap. Dette gjeld mellom anna klimaendringar, urbanisering, demografiske endringar og ei stadig aukande digitalisering. I ei verd med store demografiske endringar, både nasjonalt og på tvers av landegrensar, er kulturarven med på å styrke dialog, tilhøyrse og identitet, samtidig som det gir grunnlag for kunnskap og opplevingar. Klimaendringar er ei av dei største utfordringane i vår tid, og difor må ressurseffektivisering og gjenbruk vere berande prinsipp for kulturminnepolitikken i framtida. Samfunnsøkonomiske realitetar og nye forvaltningsstrukturar vil også leggje viktige føringar for kulturminnepolitikken i de neste tiåra.

Vurdering

Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til at det leggest fram ei ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken våren 2020, både som følgje av regionreforma og overføring av nye oppgåver, og at mange av dei måla som blei satt i samband dei føregåande meldingane har strekt seg fram til 2020. Kulturminnemeldinga vil også vere ei naturleg oppfølging av ny kulturmelding som kom like før jul.

Vi håpar stortingsmeldinga vil ha tydelege, ambisiøse og målbare mål for kulturminnepolitikken, som vil bidra til å klarlegge dei nye oppgåvene som vert overført til regionane. Her vil vere viktig å finne mål som kan integrerast i regional politikk, samtidig som ein ivaretek det nasjonale ansvaret.

Vi har i vårt innspel lagt vekt på følgjande tema:

- Region- og kommunereform
- Digitalisering
- Klima og landskap
- Lokal samfunnsutvikling

Region- og kommunereform

Region- og kommunereformene utgjør viktige premisser for kulturminnepolitikken i tida framover, med ny ansvarsdeling og ein større grad av politisering av kulturminnefeltet. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det i samband med kulturminnemeldinga vil vere viktig å klarlegge, konkretisere og operasjonalisere denne nye ansvarsdelinga.

Kulturminner og kulturmiljø kan vere verdifulle ressursar for andre felt, som friluftsliv, reiseliv, og kulturnæringar. Vi ser store mulegheiter for at overføringa av oppgåver legg opp til at kulturarven kan inngå som del av ein heilskapleg og tverrsektoriell regional- og lokalpolitikk. Vi opplever at tersklane mellom ulike sektorar vert mindre dess lengre ned og ut i forvaltningsapparatet ein kjem.

Samtidig er det viktig med klare forventningar til at ein ivaretek det ansvaret og dei oppgåvene som vert overført, og at ein framleis har fokus på kulturminna sin eigenverdi som ikkje-fornybare kjelder til kunnskap og opplevingar.

Kunnskapsbasert forvaltning

Det vil vere viktig at ein i kulturminnemeldinga legg opp til bevare den kunnskapsbaserte kulturminneforvaltninga som kjenneteiknar den norske modellen, og at kulturminneforvaltninga i regionane framleis har nærheit til utøvinga av dei ulike kulturminnefaga og eit tett samarbeid med universitetsmiljøa og andre nasjonale kunnskaps- og kompetansesenter.

Det vil vidare vere viktig å sikre at regionane og kommunane har tilstrekkeleg kapasitet til å ivareta dette ansvaret, og at det vert lagt tydelege forventningar både til regional og kommunal prioritering og forplikting. Vi meiner vidare det vil vere ein fordel om regionale delplanar og fagplanar vert lagt til grunn for kulturminnearbeidet og den regionale dispensasjonspolitikken. Dette vil både kunne effektivisere sakshandsaminga og redusere faren for vilkårlege vedtak i enkeltsakar.

Vi vurderer det såkalla *Prøveprosjektet* med delegering av mynde innanfor arkeologien som svært positivt, både i forhold til effektivitet og smidighet, men også kvalitativt og i det å styrke fagmiljøa i fylkeskommunane. Vi meiner det vil vere riktig å sjå nærmare på aktuelle utvidingar i samband med denne meldinga, i tråd med våre tidlegare innspel, men at det samtidig vert ei klar arbeidsdeling mellom regionane og universitetsmusea.

Det er vidare viktig at ein fortset arbeidet med å styrke kompetansen i kommunane (KIK), og at alle kommunane til ei kvar tid skal ha ei oppdatert kulturminneplan. For å nå framtidige mål om minimerte tap er det også naudsynt med eit stort kompetanseløft innanfor tradisjonelle handverksfag.

Juridiske og økonomiske verkemiddel

Med nye ansvar og oppgåver er det viktig at regionane får styrka verkemidlar, både juridisk og økonomisk.

I samband med dette vil det vere viktig med ei evaluering av lovverket, og særleg på forholdet mellom Kulturminneloven og Plan- og bygningsloven. Tidlegare stortingsmeldingar har hatt størst fokus på Kulturminneloven, men med overføring av mynde til regionalt og lokalt nivå bør ein vurdere å leggje større vekt på Plan- og Bygningsloven som verkemiddel i dette meldingsarbeidet. Dette vil kunne styrke vernet av dei mange ikkje-freda kulturminna, som til dømes gamle vegfar og etterreformatorisk arkeologi, samt kunne fremme endringar for å hindre forfallet av verneverdige bygningar. Her vil det vere viktig å gi det regionale nivået tilstrekkeleg mynde og verkemiddel til å ivareta nasjonale og regionale interesser. Vi er vidare positive til den forsterka satsinga på kartlegging av kulturhistoriske landskap (KULA) og kulturmiljø i byområder, tettstader og industrimiljø, men dette vil også vere eit område som i framtida vil ha behov for sterkare juridiske verkemiddel.

Det er vidare viktig at ein i meldingsarbeidet tek stilling til vidareføringa av dei eksisterande bevaringsprogramma til Riksantikvaren. Ein naturleg konsekvens av overføring av oppgåver vil vere at dei statlege tilskotsordningane (post 70-79) i større grad vert forvalta av fylkeskommunane. Dette gjeld også i høve til sikring av arkeologiske kulturminner, der vi opplever dagens ordning som lite fleksibel. Til slutt vil vi peike på viktigeita av KIK-prosjektet (post 60), og at den kartlegginga som no er gjort av kommunane også vert følgd opp med meir statlege midlar til restaurering og skjøtsel av høgt prioriterte lokale kulturminner.

Digitalisering

Møre og Romsdal fylkeskommune har eit stort fokus på digitalisering, både for å effektivisere organisasjonen og for å levere betre tenestar. I prosjektet «Omstilling 2020» er «Gevinstrealisering og Digitalisering» eit viktig delprosjekt, og vi har også eit større prosjekt knytt til digitalisering av våre kulturhistoriske arkiv (DIG-IT).

Digitalisering fekk ein framtrедande plass i den nye kulturmeldinga, og vi forventar at dette også vert følgd opp i kulturminnemeldinga. Det er viktig å erkjenne at kulturminneforvaltninga er viktige kunnskapsforvaltarar, og sit på eit viktig kjeldemateriale i form av rapportar, bileter, teikningar, geodata og annan dokumentasjon. Det er store etterslep, med omfattande dokumentasjonsmateriale i ulike arkiv, databasar og serverar. Gjennomgangen av dette er svært arbeids- og kostnadskrevjande, og vi meiner difor det bør etablerast ordningar for statleg delfinansiering av denne nasjonale kulturarven.

Dataflyt

For å realisere gevinstane med digitalisering er det viktig å legge opp til gode rammer for dataflyt og tilgjengeleggjing, både mellom institusjonane i kulturminnevernet og ut mot eit breiare publikum. God dataflyt føreset gode nasjonale standardar for dokumentasjon og metadata, og eit godt samarbeid på tvers av ulike departementa. Her pågår det alt eit viktig arbeid, knytt til integrasjonar mellom Askeladden og MUSIT, men det er viktig med politisk forankring, prioritering og tilstrekkelege ressursar. Det er også viktig at dei nye regionane vert godt involvert i dette arbeidet, og at ein sikrar gode integrasjonar mellom dei ulike forvaltningsnivåa.

Digital dokumentasjon og formidling

Ny teknologi skapar nye mulegheiter og føresetnader for dokumentasjon og formidling av kulturarven. Stadig meir av dokumentasjonen i kulturminneforvaltninga er digitalt skapt, og nye metodar som LiDAR, geofysikk og fotogrammetri har etablert seg i arkeologien. Den er likevel lite forankra i gjeldande stortingsmeldingar. Ein bør også i større grad sjå på mulegheitene for digitale dokumentasjonsmetodar innanfor bygningsvernet. Endeleg bør ein sjå på mulegheitene for digital formidling, både i form av mobilteknologi og virtuelle opplevingar (VR, AR, MR).

Klima og landskap

Ein annan føresetnad er dei forventade endringane av klima og landskap, og vi støttar departementet sitt ønske om å sjå kulturminnepolitikken som ein integrert del av ein moderne klima- og miljøpolitikk og som ei oppfølging av den europeiske landskapskonvensjonen.

Klima

I et klimaperspektiv vil det vere viktig med god kartlegging av konsekvensar og sårbarheit for verdifulle kulturminner og kulturmiljø, men det er også viktig med auka fokus på gjenbruk av den eksisterande bygningsarven som ein miljøressurs ved at ein sparar utslipp ved ny produksjon og transport av materialar. Tradisjonelle bygningsmaterialar inneheld heller lite eller ingen giftstoff. Det er difor viktig at denne kunnskapen dannar grunnlag for ikkje berre konkret kulturminnepolitikk, men også ei heilskapleg miljøopsatsing.

Samtidig utgjer kulturarven, og særleg arkeologifaget, også ei viktig kjelde til forskning på klimaendringane og til å studere forholdet mellom menneske og klima i eit langtidsperspektiv. Her kan det vere fleire gode mulegheiter for tverrfaglig samarbeid. Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt stort fokus på fonnefunn, arkeologiske gjenstandar som smeltar fram i høgjellet som følge av varmare klima. I 2018 vart det utarbeidd ein beredskapsplan for slike funn, med tverrfagleg fokus og vekt på kartlegging av verdifulle lokalitetar. Dette er likevel eit felt der det manglar ressursar til oppfølging, og der vi meiner det burde ha vore etablert eit nasjonalt sikringsprogram. Vi har også etablert dialog med NVE og Fylkesmannen si beredskapsavdeling omkring bruken av våre arkeologiske registreringsdata som kjelde til skredfarekartlegging.

Landbruk

Ei anna stor utfordring ligg i dei store endringane i jordbrukslandskapet. Desse kan sjåast på bakgrunn av demografi og økonomi, og ein stor nedgang i talet på aktive bønder. Store delar av landet er trua av fråflytting, gjengroing og forfall. Stadig fleire bygningar går ut av bruk, og meir og meir kulturlandskapspleie må gjerast på dugnad. Dette gjeld også i verdsarvområdet Geiranger. Vi meiner det her vil vere viktig å få på plass eit tett samarbeid med landbruksnæringa, og styrke det

samarbeidet ein har etablert gjennom ordninga med *Utvalte Kulturlandskap*. Dette vil også vere viktig i samband med forvaltninga av verdsarven og i oppfølginga av det pågåande KULA-prosjektet.

På motsett side er jordbrukslandskapet også under press i meir sentrale bygder, og særleg omkring byar og tettstadar i vekst. Her vil både kulturminnevernet og landbruksnæringa ha felles interesse i eit sterkt jordvern. Samtidig vil vi rette også søkelys mot desimeringa av arkeologiske kulturminner i dyrka mark som følgje av stadig meir intensiverte jordbruksformer, gjerne synleggjort gjennom dei mange metallsøkerfunna i pløyelaget. Dette utgjør ein svakheit ved gjeldande forvaltning som vi meiner stortingsmeldinga bør ta tak i. Kulturminnelova §3, andre ledd, opnar for tiltak mot slik skade, men denne er vanskeleg å handheve og kan ramme den enkelte bonden hardt. Vi vil difor oppmode til at ein greier ut eventuelle andre forvaltningsmodellar, som t.d. midlar til sikring av prioritert utval av desse kulturminna gjennom dokumentasjon.

Lokal samfunnsutvikling

Møre og Romsdal fylkeskommune har fokus på lokal samfunnsutvikling, og på korleis kulturarven i tråd med Farokonvensjonen skal vere ein verdifull ressurs for alle grupper i samfunnet.

Verdiskaping

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2018 etablert verdiskapingsprosjektet «Ein Bit av Historia» som tek utgangspunkt i viktige kulturhistoriske ferdslsårer gjennom vår region; pilegrimsleiene og Den Trondheimske Postveg. Vi ønskjer å vidareføre denne satsinga på kulturminner og verdiskaping fram mot 2030, og oppmodar til at regjeringa både i denne stortingsmeldinga og i den komande strategien for kultur og reiseliv, legg vekt på kulturminner som ressurs og premis for reiseliv og verdiskaping, innan rammene av ei berekraftig utvikling, og at ein vidarefører satsinga på verdiskaping og mobilisering på kulturminnefeltet.

Frivillig verksemd

Kulturminner og kulturmiljø er avhengige av frivillige, både i samband med skjøtsel, restaurering og dokumentasjon av immateriell kulturarv. Dette bidreg også til lokal forankring og større demokratisering av kulturarven. Gjennom KIK-prosjektet har frivillige lag og foreiningar vore inkludert i arbeidet med å vurdere verdien av sine lokale kulturminner, og det er viktig at dette vert følgt opp med ressursar til å ivareta desse.

Også innanfor arkeologien spiller dei frivillige ei stor og viktig rolle. I Møre og Romsdal har vi eit nært samarbeid med fjellfolk som registrerer fangstminner og funn i fjellet, men også med etablerte metallsøkarmiljø som bidreg til å kartlegge funnkonsentrasjonar i dyrka mark. På dette feltet er det viktig at stortingsmeldinga kan opne opp for gode og forsvarlege ordningar for samarbeid mellom dei frivillige og den offentlege kulturvernmynda, basert på gjensidig tillit og respekt.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil følgje det vidare arbeidet med ny kulturminnemelding med stor interesse.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator